

RISIKO- OG VESENTLEGVURDERING

GRUNNLAG FOR PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON AV VERKSEMDA I KOMMUNEN
2020-2023

STRANDA KOMMUNE

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeføretak eigd av Aukra kommune, Aure kommune, Averøy kommune, Fjord kommune, Giske kommune, Gjemnes kommune, Hustadvika kommune, Kristiansund kommune, Molde kommune, Rauma kommune, Rindal kommune, Smøla kommune, Stranda kommune, Sula kommune, Sunndal kommune, Surnadal kommune, Sykkylven kommune, Tingvoll kommune, Vestnes kommune, Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Selskapet utfører rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for eigarkommunane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund med avdelingskontor i Molde og Ålesund. Ved etablering hadde selskapet 26 tilsette.

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har i tråd med tidlegare praksis (Komrev3 IKS), og etter avtale med Sunnmøre Kontrollutvalssekretariat IKS, gjennomført risiko og vesentlegvurdering av verksemda i kommunen. Dette er meint som grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon (FR).

Dette dokumentet summerer opp resultatane frå vår gjennomgang av verksemda i kommunen for å identifisere risikoforhold som kan danne grunnlag for gjennomføring av forvaltningsrevisjon.

I avsn. 1.2 blir det vist korleis vi har forsøkt å antyde risikonivå. Det er ikkje enkelt å dele opp vurderingane i tabellar slik det er gjort her, og det blir subjektivt kor vesentleg noko er. Fargebruken er difor heller ikkje nødvendigvis heilt konsistent. Hovudføremålet har uansett vore å forsøke å få fram opplysningar og innspel til dei vurderingar som Kontrollutvalssekretariatet og Kontrollutvalet skal gjere.

Det er m.a. gjennomført ei spørjeundersøking til formannskap og utvalsleiarar. Det var ikkje noko som merka seg ut om forslag til val for tema til forvaltningsrevisjon, men moglege tema som var nemnde var:

- Bruk av brukarundersøkingar, m.a. i samband med budsjettprosessar
- Flaumproblematikk
- Utbyttepolitikk
- Heimetenesta, og sikring av god omsorg
- Rutinar ved tilsetjingar

Ålesund, 25.08.2020

INNHALD

1 Innleiing	5
1.1 Forvaltningsrevisjon.....	5
1.2 Risiko og vesentlegvurdering (ROV).....	6
1.3 Kvalitetsstyring og internkontroll.....	7
1.4 Det kommunale plansystemet.....	7
1.5 Kjelder	8
2 Kort om Stranda kommune	9
2.1 Politisk organisering	9
2.2 Administrativ organisering.....	10
2.3 Økonomi og økonomiske nøkkeltal	10
3 Kommunale tenester – sektorovergrepande område	13
3.1 Intern kontroll og system for avvik	13
3.2 Openheit og innsyn	14
3.3 Arkiv og dokumentasjon	15
3.4 Digitalisering.....	15
3.5 Sakshandsaming.....	16
3.6 Offentlege innkjøp.....	17
3.7 Offentleg støtte	18
3.8 Etikk og varsling	18
3.9 Informasjonsikkerheit og personvern	19
3.10 Arbeidsmiljø	20
3.11 Samfunnssikkerheit og beredskap.....	21
4 Kommunale tenester - sektorar	22
4.1 Barnehage	22
4.2 Grunnskule	23
4.3 Helse	25
4.4 Barnevern	26
4.5 Pleie og omsorg	26
4.6 psykisk helse og rus	29
4.7 NAV	29
4.8 Kultur.....	30
4.9 Teknisk	30
4.10 Miljø	33
5 Vedlegg	35
Statistikk og nøkkeltal	35
Befolkning, befolkningsendring og befolkningsutvikling	35
SSB - KOSTRA	37
Kjelder.....	42

1 INNLEIING

1.1 FORVALTNINGSREVISJON

Jf. Lov om kommunar og fylkeskommunar av 22.06.2018 § 23-2 skal kontrollutvalet som sjå til at det blir utført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen og i selskap som kommunen har eigarinteresser i. Kontrollutvalet skal og sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap mv. Dette blir omtala som eigarskapskontroll.

Plan for forvaltningsrevisjon

I kommunelova § 23-3, 2. og 3. ledd går det fram følgande om plan for forvaltningsrevisjon:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.

Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ein del av kommunen sin eigenkontroll, og kommunestyret sin kontroll med forvaltninga i kommunen. Forvaltningsrevisjonen har som rolle å undersøke om kommunen si verksemd skjer i tråd med gjeldande lover og regler og kommunen sine eigne planer og vedtak. Fokus kan og rettes mot effektivitet og kvalitet i produksjonen av velferd for kommunens innbyggjarar.

Forvaltningsrevisjon vert definert slik i kommunelova §23-3, 1.ledd:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet:

- Synleggjere muligheter til økt produktivitet og måloppnåing
- Få fram styringsinformasjon til avgjersletakarane i kommunen
- Bidra til læring og forbetring i organisasjonen
- Bidra til kommunen sin eigenkontroll

Plan for eigarskapskontroll

Eigarskapskontroll blir definert slik i §23-4:

Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunes eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Plan for eigarskapskontroll skal vere basert på ei eiga ROV av kommunen sitt eigarskap. Dette dokumentet inneheld ikkje ei slik vurdering, men dette blir å kome attende til i eige dokument etter avtale med KU-sekretariatet. Eventuelle planlagde forvaltningsrevisjonar av kommunale selskap skal no innarbeidast i plan for forvaltningsrevisjon. Tidlegare gjekk desse fram i det som heitte «Plan for selskapskontroll». Vi har forstått det slik at det er ønskeleg å innarbeide slike planlagde revisjonar i plan for forvaltningsrevisjon i etterkant når ROV for kommunen sitt eigarskap ligg føre.

1.2 RISIKO OG VESENTLEGVURDERING (ROV)

Det er rimeleg at ei ROV, som igjen skal ligge til grunn for plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll, tek utgangspunkt i anerkjent teori og metode. Vi legg til grunn det såkalla COSO¹-rammeverka som er utarbeidd med tanke på leiing og styring i alle typar verksemdar, og som kan brukast både i privat og offentleg sektor. Desse rammeverka har fått som status som beskriving av beste praksis på området risiko- og risikostyring.

Med risiko forstår vi faren for at det kan oppstå avvik/hendingar i høve til dømes regelverk, mål, vedtak og andre føringar. Kontrollutvalet må ut frå skjøn vurdere dei ulike områda (hendingane) opp mot kvarandre og avgjere kva som er dei mest vesentlege.

Risikovurderingane er knytt til:

- Vurdering av kor sannsynleg det er at risikofaktoren inntreffer
- Vurdering av konsekvens dersom risikofaktor inntreffer

I risikovurderingane blir det teke omsyn til eventuelle tiltak som leiinga i kommunen har sett i verk for å redusere at risikofaktoren skal inntreffe og redusere konsekvensen dersom risikofaktoren inntreffer.

Vi bruker farger for å antyde eit risikonivå. Fargene som blir nytta er grøn (lav), gul (middels) og raud (høg). Vi har vidare valt å bruke ein tabell der valde risikofaktorar blir vurdert i høve sannsynlegheit og konsekvens. Tabellen som blir nytta i rapporten er:

Risikofaktorar	Bakgrunn for risikovurdering		Risiko-vurdering L = lav M = medium H = høg		Risikonivå
	Sannsynlegheit for at risikofaktor inntreffer	Konsekvens om risikofaktor inntreffer	Sannsynlegheit	Konsekvens	
Område			M	H	
Teneste			L	M	
Oppgåve			L	L	

Risiko er at det skjer noko som gjer at kommunen ikkje når sine målsetnader. Risikofaktorar er mulige hendingar som kan gjer til at kommunen ikkje når sine målsetnader. Analysen set opp risikofaktorar som er vesentlege for om kommunen når sine mål.

Konsekvensane kan ha følger for eigen verksemd i kommunen og/ eller innbyggjarane i kommunen. Det vil alltid vere ei viss risiko for at kommunen ikkje når sine mål, men mykje av denne risikoen har både lav sannsynlegheit og lav konsekvens.

¹ COSO-Committee of Sponsoring Organizations of Treadway Commission.

Som nemnt i forordet er det ikkje lett å låse vurderingane i ein slik forenkla tabell. Fargebruken vil difor ikkje nødvendigvis vere heilt konsistent gjennom dokumentet.

1.3 KVALITETSSTYRING OG INTERNKONTROLL

Kommunedirektøren har eit ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og etterleving av reglar.

I COSO-modellen er risiko og vesentlegvurdering ein integrert del. Internkontroll er her å forstå som ein kontinuerleg prosess i organisasjonen. COSO er mellom anna omtalt i KS: *Rådmannens internkontroll, Hvordan få orden i eget hus?*:

COSO-rammeverket er sett saman av tre målsetnader og fem komponentar. Desse blir knytt opp til ulike arbeidsprosessar i verksemda.

Dei tre målsetnadane definerer internkontrollen sitt virkeområde(r):

- Målretta og kostnadseffektiv drift
- Påliteleg rekneskapsrapportering
- Halde lover og regler

Dei fem komponentane representerer rammeverket sin arbeidsmetodikk:


- Kontrollmiljø
- Risikovurderingar
- Kontrollaktiviteter
- Informasjon og kommunikasjon
- Leiingsmesse oppfølging og overvaking

Komponentane fortel kva som bør leggast vekt på og korleis ein kan gå fram for å sikre god internkontroll over arbeidsprosessane.

1.4 DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommunar har ulike styringsdokument som blir nytta til å planlegge, utarbeide tiltak, og for å evaluere verksemda og tenesteytinga. Kommunane er pålagde gjennom lov å utarbeide ein samordna plan for kommunen si verksemd og ei kontinuerleg planlegging og samordning av kommunen si fysiske, økonomiske og kulturelle utvikling. For å tilfredsstille krav i lova er det i samband med kommuneplanarbeidet utvikla eit eige plansystem. Dette slik at kommunestyret skal kunne ha eit styringsverktøy som på bakgrunn av oppnådde resultat (årsmelding) gir grunnlag for å kunne styre kommunen i ei ønska retning.

Handlingsprogrammet vil vise korleis fagområda skal følge opp kommuneplanen og er konkretisert med kortsiktige periodemål basert på dei langsiktige måla i kommuneplanen. I tillegg skal økonomiplanen vise korleis kommunen skal følge opp planstrategien med endelig prioritering av når planoppgåvene skal gjerast og tildeling av ressursar.



Figur: Kommunal planstrategi i det kommunale plansystemet
Kjelde: Miljøverndepartementet sin rettleiar i planstrategi

Årshjulprosessen handlar om korleis arbeidet med dei ulike plandokument og prosessar skal fasast inn i høve til kvarandre. Dette kan vere i forhold til ulike rapporteringar og i forhold til politisk behandling gjennom kalenderåret. Hensikta er å sikre at ulike prosessar blir gjennomført effektivt og til rett tid.

1.5 KJELDER

I tillegg til å ha gått gjennom ei rekkje skriftlege kjelder og statistikk mv (sjå oversyn i eige vedlegg), er det gjennomført:

- Dialogmøte med kontrollutvalet
- Møte med kontrollutvalssekretær
- Intervju med rådmann
- Spørjeundersøking til formannskapet
- Spørjeundersøking til einingsleiarar

2 KORT OM STRANDA KOMMUNE


Stranda kommune hadde 4 523 innbyggjarar pr. 01.01.2020.

På heimesida til kommunen er det delt i følgende tenestområde:

- Bygg, plan og eigedom
- Teknisk, brann og beredskap
- Næring og skatt
- Oppvekst
- Kultur, idrett og fritid
- Pleie og omsorg
- Helse- og sosial

SSB har følgende oversikt over korleis utgiftene i Stranda kommune fordeler seg på nokre utvalde område:

Utgifter etter utvalgte områder. 2019



Kommuneregnskap, Statistisk sentralbyrå


2.1 POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret består av 25 representantar, og er det øvste organet i kommunen. Formannskapet består av 7 representantar og har også funksjonar som m.a. kommuneplanutval og klagenemnd. Det er i tillegg 2 fagutval med 7 representantar kvar: Helse-, oppvekst og kulturutvalet og Utval for Miljø og kommunalteknikk. Kontrollutvalet har 5 medlemmar. Det er i tillegg fleire råd og utval som ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, fast utval for plansaker, eldreråd og utval for viltforvaltning.

Det er utarbeidd egne reglement for kommunestyret, formannskapet og dei politiske utvala. Det er og utarbeidd delegasjonsreglement. Reglementa gir reglar og oversyn over ansvarsområde og mynde til å gjere vedtak. For meir informasjon: <https://www.stranda.kommune.no/politikk-og-mote/politiske-reglement/>

2.2 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Stranda kommune er organisert som ein to-nivå-modell med rådmannen som øvste administrative leiar. I tillegg til staben er det 18 einingar med delegert mynde til kvar einingsleiar.



Kjelde: Delegasjonsreglement

2.3 ØKONOMI OG ØKONOMISKE NØKKELTAL

KOSTRA (KOrmmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som gir styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt saman for å gi relevant informasjon til styrande organ både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal gi betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og mellom anna gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd.

Under følger nøkkeltal for kommunen henta frå KOSTRA:

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra- gruppe 02	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	6,8	5,3	2,9	2,2	0,2	1,5
Årets mindre/merforbruk i driftsregnskapet i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	3	3,9	3,8	3,7	1,2	1,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	17,8	27,1	21,8	-77,6	17,7	20,6
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	120	106,2	..	66,4	47	48
Langsiktig gjeld ex pensjonsforpliktelser i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	185,3	177,4	165,4	156,7	105,1	111
Frie inntekter per innbygger (kr)	kr	57 677	58 354	59 980	61 980	64 774	57 316
Fri egenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	12,7	1,3	3,3	12	10,4	12
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	prosent	8,5	8,4	4,9	11,1	14,9	16,2
Egenfinansiering av investeringene i prosent av totale brutto investeringer (prosent)	prosent	55,4	38,7	41,7	18,9	31,4	33,8

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter blir brukt som mål på kommunen sin handlefridom, og er ein viktig indikator på om det er økonomisk balanse i kommunen. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi rår til at nivået på driftsresultatet bør vere 1,75 % av brutto driftsinntekter over tid samla for kommunal sektor. Gjennomsnittet for Stranda dei siste 4 åra har vore høgare, men det er inkludert tala for Stranda hamnevesen. I årsmeldinga for 2019 går det fram følgjande tabell:

År	Netto driftsresultat NOK	%
2014	6 176 616	2,00 %
2015	629 960	0,17 %
2016	20 792 937	6,90 %
2017	20 773 085	5,30 %
2018	10 096 677	2,39 %
2019	1 039 907	0,24 %

Det er krav i ny kommunelov om at kommunane skal vedta eigne finansielle måltall. Stranda kommune gjorde vedtak om dette november 2019. I tabellen under går desse fram, og korleis resultatet har vore dei siste åra (KOSTRA). Vi gjer merksam på at desse tala og inneheld Stranda hamnevesen.

	Vedtekte måltal	KOSTRA 2015	KOSTRA 2016	KOSTRA 2017	KOSTRA 2018	KOSTRA 2019
Netto driftsresultat i % av driftsinntekter	Min. 1,75%	0,1 %	6,8 %	5,3 %	2,9 %	2,2 %
Disposisjonsfond i % av driftsinntekter	Min. 10%	1,7 %	1,5 %	1,3 %	0,3 %	8,3 %
Netto lånegjeld i % av driftsinntekter	Maks 100%	175,1 %	159,6 %	174,2 %	142,5 %	155,2 %

Kommunen har både hatt rekneskapsmessig mindreforbruk og positive netto driftsresultat dei siste åra. Ut frå årsmeldingane kan ein lese at gjelda er på veg ned. KOSTRA-uttak frå 2019 viser ei meir ujamn utvikling:

	2015	2016	2017	2018	2019
Netto lånegjeld	640 990	629 724	715 286	606 992	732 572
Netto lånegjeld pr. innbyggjar	139 406	136 215	155 938	132 966	161 966

Det er difor grunn til å tru at rapporteringa til KOSTRA kanskje ikkje er heilt korrekt. Uansett er det slik at gjelda til kommunen framleis er høg, men framleis låg rente har vore positivt ift finansutgiftene for kommunen.

Kommunen har ei økonomihandbok frå 1998 som ikkje er oppdatert. Vi har fått opplyst at det no blir arbeidd med å lage eit nytt økonomireglement.

Gjelds- og finansreglementet vart sist ajourført og vedteke i februar 2018. Det er ikkje gjort kvalitetssikring av rutinar for finansforvaltninga.

3 KOMMUNALE TENESTER – SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDE

3.1 INTERN KONTROLL OG SYSTEM FOR AVVIK

Innhaldet i internkontrollen i kommunane er løfta frem i den nye kommuneloven kapittel 25. Dei nye internkontrollreglane skal i loven og ny forskrift erstatte kommuneplikta i særlovgiving som gjeld i dag. Det er sett i gang eigen prosess med sikte på å oppheve eller endre internkontrollkrav i særlovgivinga. Dei nye reglane om internkontroll i kommunelova trer i kraft når dette er klart. Fram til kapittel 25 trer i kraft gjeld følgande overgangsreglar jf. § 31-3:

- a. *Kommunedirektøren skal sørge for at administrasjonen er gjenstand for betryggende kontroll.*
- b. *I årsberetningen skal det redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll med virksomheten.*
- c. *Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.*

Rådmannen har ansvar for å etablere og følge opp at kommunen har eit tilfredsstillande internkontrollsystem. Dette skal gjerast gjennom system og rutinar for å sikre tilstrekkeleg styring, måloppnåing og regeletterleving. Risikostyring og internkontroll skal være ein integrert del av ei heilskapleg verksemdstyring.

Stranda kommune har etablert eit elektronisk kvalitetssystem som er levert av Compilo. Systemet inneheld mellom anna system for avvikshandtering, lovsamling, diverse personalskjema og HMS-planar og prosedyrar. I spørjeundersøking blant leiarane går det fram at dei nyttar systemet, men at dette er i varierende grad. Det går fram at bruken er under utvikling.

I årsmeldinga for 2019 går det fram følgande om internkontroll:

Stranda kommune har utforma «Retningslinjer for sakshandsaming av politiske saker og fullført sakshandsaming i Stranda kommune». Desse retningslinjene vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Det er utforma eige delegasjonsreglement for delegasjon av mynde frå rådmannen til kommunalsjefar, stab- / støttefunksjonen og einingsleiarar i Stranda kommune.

Delegasjonsreglementet vart lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Rådmannen har sett ned eit overordna kvalitetsutval i Stranda kommune. Dokument med utforming av mandat, ansvar og oppgåver for kvalitetsutvalet er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll. Det er vidare oppretta kvalitetsgrupper i kvar enkelt eining.



Kvalitetsgruppene er samansett av einingsleiar, verneombod og tillitsvald. Kvalitetsgruppene rapporterer til kvalitetsutvalet og arbeidsmiljøutvalet.

Rådmannen har saman med resten av den strategiske leiargruppa i Stranda kommune gjennomført kurs i PLP-metodikk (Prosjekt-Leier-Prosessen) som er ein metode for styring av prosjekt utvikla av Innovasjon Norge. I etterkant av kurset har leiargruppa utforma ei eiga handbok for styring av prosjekt. Handboka er lagt fram for kommunestyret i sak 109/17 om kvalitets- og internkontroll.

Stranda kommune nyttar kvalitetssystemet Compilo som er eit system for melding og handsaming av avvik, samt systematisering og deling av informasjon vedkomande reglement, prosedyrer og rutiner. I 2019 var det 350 avvik, 344 lukka og 6 under handsaming.

Intern kontroll og avvikssystem var saman med Digitalisering, Offentlege innkjøp og Samfunnssikkerheit og beredskap – av dei sektorovergripande områda som flest politikarar i spørjeundersøkinga til formannskap og utvalseleiarer meinte kommunen har størst utfordringar.

RISIKOVURDERING INTERNKONTROLL OG AVVIKSSYSTEM

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Internkontrollen er ikkje tilfredsstillande	Det er sett ned kvalitetsutval og kvalitetsgrupper. Overordna rutinar ligg i kvalitetssystemet og er tilgjengeleg for tilsette. Varierende bruk av kvalitets- og avvikssystemet.	Innbyggerne kan få for dårlege tenester eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svekka omdøme.	M	M	
Avvikssystem er ikke tilfredsstillende	Stranda har avvikssystem, men det er varierende bruk. Det går likevel fram at det er fokus på dette.	Feil blir ikkje retta. Kommunen lærer ikkje av sine feil.	M	M	

3.2 OPENHEIT OG INNSYN

Openheit og innsyn er sentrale føresetnadar for eit fungerande demokrati. Offentleglova og kommunelova sine regler om møteoffentlegheit skal legge til rette for at kommunane si verksemd er open og gjennomsiiktig. På den måten blir informasjons- og ytringsfridomen, den demokratiske deltakinga, rettssikkerheita for den enkelte og allmenta sin kontroll sikra.

Stranda kommune si heimeside er relativt ny. Kontaktinformasjon ved behov for tenester og ved behov for kontakt med politikarar eller andre er relativt lett tilgjengeleg.


Alle sakspapir til politiske møte (med vedlegg) kan hentast lett ut. Det ligg dokument tilgjengeleg tilbake til 2007. Det er likevel slik at enkelte saker ikkje går fram om ein søker på dei, men ein må manuelt gå inn på protokoll frå møte for å finne dei.


Postliste er og tilgjengeleg på nett, og her kan ein og søke etter dokument. Dokument som er offentlege ligg opne for innbyggjarane. På rådhuset er det i tillegg service-kontor som kan gi publikumstenester ved betjent skranke og sentralbord.

«Pressens offentlighetsutvalg» utarbeidde i 2018 ein openheitsindeks for norske kommunar. Undersøkinga baserte seg delvis på korleis eit krav om innsyn vart handtert, og delvis på kor tilgjengeleg viktig informasjon var kommunane sine heimesider og delvis på eit spørjeskjema til kommunane sjølv. Stranda kommune vart rangert som nummer 163 i landet.

På forbrukarrådet sin kommunetest kom Stranda i 2019 på 206 plass med 51,8 poeng. Dette er ein test på kor gode kommunane er til å hjelpe folk som har spørsmål om ulike kommunale tenester.

RISIKOVURDERING OPENHEIT OG INNSYN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Publikum blir ikkje gitt innsyn i dokument.	Postliste og politiske saker er tilgjengelege på kommunen si heimeside.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei har krav på. Pressen blir hindra i sitt arbeid.	L	L	

		Kommunen kan få svekka omdøme.			
Publikum finn ikkje fram det dei treng om tenestetilbod	Kontaktinfo og søknadsskjema ligg på heimesida. Det er eige servicekontor.	Innbyggjarane får ikkje informasjonen dei treng. Tenester kan bli forseinka. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	H	

3.3 ARKIV OG DOKUMENTASJON

Ei gjennomiktig forvaltning og innsyn i prosessar og dokument, er ein føresetnad for offentleg diskusjon og dermed for demokratiet. Offentlege organ har plikt til å føre journal mtp den allmenne innsynsretten. Myndigheiter og publikum skal vite at all korrespondanse blir registrert, og at den dermed kan bli spora og overprøvd.



Kommunar og offentlige organ har ansvar for å dokumentere sin eigen aktivitet. I tillegg har arkiva ei samfunnsbetyding for demokratisk aktivitet, forskning og kulturell verksemd. Ein fungerande postjournal og arkivordning er ein grunnleggande føresetnad for å ivareta dette.

Stranda kommune nyttar Acos Websak som saks- og arkivsystem, og det er utarbeidd arkivplan. Denne er ikkje oppdatert på ei stund, men dette vil bli gjort i 2020. Det er og utarbeidd retningsliner/rutinar for fullelektronisk arkiv.

Tidlegare var det eit krav i forskrift om restansekontroll/ta ut restanselister 4 gonger i året. Restanseliste er eit oversyn over dokument i sak-/ arkivsystemet som ikkje er avskrivne med f.eks. brev ut, til etterretning e.l. Dette er ikkje lenger eit krav i forskrift, men det er viktig at det blir følgt opp på ein god måte.. I Stranda vert restansekontrollar i hovudsak gjennomført 2 gongar pr. år, men for enkelte blir det gjort fleire gonger.

Fleire eksterne forvaltningsorgan fører tilsyn med Stranda kommune. På arkivområdet blir dette gjort av arkivverket. Arkivverket har ikkje gjennomført tilsyn eller planlagt tilsyn i 2020 med Stranda kommune.

RISIKOVURDERING ARKIV OG DOKUMENTASJON

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arkivering er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har arkivsystem som er i tråd med lovkrav, arkivplan og retningsliner. Arkivplan skal oppdaterast i 2020. Tilsette blir følgde opp og får opplæring frå Servicekontoret.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	
Det blir ikkje gjennomført restansekontroll	Det blir gjennomført 2 gonger i året, men ein tek i tillegg målretta kontrollar på restansar.	Sakshandsaming blir tilfeldig. Det kan oppstå brot på reglar i arkivlova. Kommunen kan få svekka omdøme.	L	M	

3.4 DIGITALISERING

Digitalisering i offentlig sektor skal bidra til å auke kvaliteten på og effektiviteten i offentlig tenesteyting. Stortinget har eit mål om digitalt førsteval. Dette inneber at nettbaserte tenester skal vere hovudregelen i forvaltninga sin kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Ettersom kommunane er ein betydeleg leverandør av offentlege tenester er digitalisering av kommunale tenester avgjerande for å nå målet om et digitalt førsteval. (Meld. St. 27 (2015-2016)).


Søknadsskjema er tilgjengelege på kommunen si heimeside.

Det er innført digital undervisningsplattform. Det har blitt satsa ein del på velferdsteknologi og innan helse- og omsorg blir innovasjon og digitalisering framheva som satsningsområde i budsjettokumentet. IKT melder likevel om eit behov for ressursar for å avlaste i høve denne satsinga.

Digital satsing skjer ut til å skje på dei enkelte områda, og det er ikkje utarbeidd eigen digitaliseringsstrategi.

Digitalisering var saman med Intern kontroll og avvikssystem, Offentlege innkjøp og Samfunnssikkerheit og beredskap – av dei sektorovergripande områda som flest politikarar i spørjeundersøkinga til formannskap og utvalseleiarar meinte kommunen har størst utfordringar.

RISIKOVURDERING DIGITALISERING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gjer ikkje nytte av dei muligheitene som digitalisering gir.	Kommunen har satsa på velferdsteknologi, digitalisering i skulen. Eit område med rask utvikling.	Sakshandsaming tek lang tid. Kommune driv ikkje effektivt. Kan gi svekka omdømme.	M	M	

3.5 SAKSHANDSAMING

Forvaltningsloven inneheld reglar om korleis offentlege myndigheiter skal handsame saker. Dette er viktige reglar fordi dei gjeld den enkelte sin rett til å få handsama sine saker av offentlege myndigheiter på ein forsvarleg og riktig måte. Lova inneheld reglar om sakshandsaming og sakshandsamingstid, om forvaltninga si rettleiingsplikt, om møter, om forvaltninga si plikt til å skrive ned opplysningar og om å bruke fullmektig eller advokat.

Eit høgt tal på klager kan vere ein indikator på svak sakshandsaming. Ein gjennomgang i KOSTRA av klager i samband med byggesøknader og planer, viser at tal på klager ikkje er omfattande.

I svara på spørjeundersøkinga til einingsleiarane går det og fram at det ikkje er eit stor omfang av klager i kommunen. Det har vidare kome fram at enkelte sektorar/einingar vurderer det slik at det ikkje er tilstrekkeleg kapasitet til sakshandsaming.


I Arkivplanen til kommunen går det fram relativt omfattande dokumentasjon for rutinar for «Dokument og saksbehandling».

Det ligg føre retningslinjer for fullført sakshandsaming i Stranda kommune som er oppdatert 14.12.17. Det ligg føre ein del rutinar for sakshandsaming i Compilo.

I spørjeundersøkinga til formannskap og komiteleiarar kom det fram kommentarar om at m.a. kartgrunnlag kunne vere mangelfulle.

Det blir slik vi forstår det ikkje rapportert på status på kommunestyrevedtak – såkalla vedtaksrekneskap.

RISIKOVURDERING SAKSBEHANDLING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens hvis risiko inntreff	S	K	V
Saksbehandling er ikkje tilfredsstillande.	Kommunen har eit saks- og arkivsystem med malar og rutinar. Ikkje stor omfang av klager. Ikkje rapportering på status på politiske vedtak.	Innbyggjarane kan få for dårlege tenester, eller ikkje få tenester dei har krav på. Kommunen kan få svakke omdøme.	M	M	

3.6 OFFENTLEGE INNKJØP

Offentlig sektor bruker over 500 mrd kroner kvart år på innkjøp. Dette er midlar som oppdragsgjevarane skal nytte på best mogleg måte for å oppfylle sitt samfunnsoppdrag. Det er potensial for å effektivisere offentlege innkjøp, for å oppnå lågare transaksjonskostnader, betre priser og betre behovsdekning. Samstundes skal offentlege innkjøp også bidra til å løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til m.a. klima og kamp mot arbeidslivskriminalitet. Å gjennomføre gode innkjøp som er i tråd med desse forventningane, er krevjande. Dette krev at ein må profesjonalisere innkjøpa gjennom mellom anna økt satsing på kompetanse, betre styring og organisering.

Offentlige innkjøp er på grunn av sitt omfang eit viktig strategisk verkemiddel i kampen mot arbeidslivskriminalitet. Offentlige innkjøperar har eit samfunnsansvar, og skal derfor stille krav til lønns- og arbeidsvilkår. Dette bidreg til å sikre arbeidsvilkåra for dei som til dømes bygg skular og sjukeheimar eller yter reinhaldstenester for det offentlige. (Difi).

Stranda kommune har ikkje hatt saker til handsaming i KOFA dei tre siste åra.


Kommunen er med i innkjøpssamarbeidet i regi av Ålesund kommune, og nyttar seg av innkjøpsavtalar der konserninnkjøp i Ålesund kommune har stått for at innkjøpa er i tråd med regelverk.

I samband med rekneskapsrevisjonen for 2017 vart det plukka ut 16 leverandørar for kontroll (jf. rapport til kontrollutvalet datert 27.04.18). 2 av desse var ikkje handsama etter regelverket.

Økonomisjefen er innkjøpsansvarleg i kommunen, og har utarbeidd ei prosedyre for innkjøp som ligg i Compilo. Innkjøp er og omtala i Prosjekthandboka til kommunen. Det er ikkje utarbeidd og vedteke eige innkjøpsreglement eller eigen innkjøpsstrategi slik vi oppfattar det.

Offentlege innkjøp var saman med Intern kontroll og avvikssystem, Digitalisering og Samfunnssikkerheit og beredskap – av dei sektorovergripande områda som flest politikarar i spørjeundersøkinga til formannskap og utvalsleiarar meinte kommunen har størst utfordringar.

RISIKOVURDERING OFFENTLEGE INNKJØP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Innkjøpa blir ikkje gjort tilfredsstillande	Kommunen deltek i innkjøpssamarbeid. Har innkjøpsprosedyre, men ikkje innkjøpsreglement.	Mindre effektiv drift, økonomisk tap og misleg framferd. Svekkja tillit og omdøme.	M	H	

3.7 OFFENTLEG STØTTE


EØS-avtalen set skrankar for mulegheitene norske myndigheiter har til å gi støtte til næringsverksemd. Regelverket om offentleg støtte er under rask utvikling og får stadig større gjennomslag både i Europa og i Norge. For å unngå unødvendige forseinkingar av planlagde støttetiltak, er det viktig med auka kunnskap om regelverket.

Det er utarbeidd egne «Vedtekter for næringsfond Stranda kommune 2018-2021». Desse vedtektene gir mellom anna eit oversyn over tilhøvet til lovverk på området, og også til rapporteringsrutinar på bruk av midlar. Møre og Romsdal fylkeskommune har informert om at det frå 2020 ikkje lenger blir tildelt midlar frå fylket til kommunale næringsfond.

Strategisk næringsplan 2020-2024 er slutthandsama i april 2020 av kommunestyret. Den inneheld m.a. målsetjingar og strategiar for å nå desse måla.

Ein må og vere oppmerksom på regelverket om offentleg støtte dersom ein inngår kontraktar med til dømes subsidiert husleige.

RISIKOVURDERING OFFENTLIG STØTTE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen gir ulovleg støtte.	Komplisert regelverk. Omfanget at støtte er ikkje stort.	Urettferdig. Svekkja omdøme.	L	M	

3.8 ETIKK OG VARSLING

Eitt av formåla med kommunelova er å legge til rette for tillitsskapande forvaltning som bygger på høg etisk standard. Etikk er ein integrert del av all arbeidspraksis. Etikk er dei verdiprioriteringane som ligg til grunn for alle avgjersler eller handlingar.

KS og Transparency International Norge (TI) rår til at kommunane har etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde, og at retningslinjene bør vere handsama av kommunestyret. KS og TI anbefaler at dei etiske retningslinjene også blir gjort gjeldande for kommunale føretak. I årsmeldinga skal kommunen skal gjere greie for tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagt sett i verk for å sikre trygg kontroll og en høg etisk standard i verksemda og i kommunale føretak.

Arbeidstakar har rett til å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen. Arbeidsgjevar har plikt til å sette i verk tiltak for å legge til rette for intern varsling. KS og Arbeidstilsynet rår til at kommunane utarbeider skriftlige rutinar for dette.

Stranda kommune har etiske retningslinjer. Disse ligg og inne i Compilo. Dei blir gått gjennom med jamne mellomrom, og det er forventat at einingsleiarar og går gjennom desse i einingane. Det er vidare utarbeid varslingsrutine/mal som ligg i Compilo.



I samband med rekneskapsrevisjonen for 2018 peika revisjonen på at kommunen burde vurdere å gjennomføre ei risikoanalyse og utarbeide skriftlege rutinar for å førebyggje moglege misleg framferd i byggesakshandsaminga. (jf. KU-sak 17/19).

I årsmeldinga for 2019 går det fram følgande om etikk:

Kommunestyret gjorde i sak KOM 070/15 vedtak om etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Stranda kommune. Retningslinjene pålegg kommunestyret, rådmannen og einingsleiarane å utvise ein leiarskap basert på høg etisk standard.

Det er nedfelt at det skal orienterast om dei etiske retningslinjene ved samlingar for nytilsette. Alle nytilsette får i tillegg tilsendt dei til ei kvar tid gjeldande etiske retningslinjer. Det skal orienterast om dei etiske retningslinjene ved opplæring av folkevalde.

RISIKOVURDERING ETIKK OG VARSLING

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen har ikkje tilfredsstillande etisk standard.	Etiske retningslinjer er tilgjengeleg for tilsette. Desse blir gått gjennom med jamne mellomrom.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	M	M	
Det blir ikkje lagt til rette for varsling av mislegheiter.	Kommunen har prosedyre og system for varsling.	Svak rettstryggleik for innbyggjarar/tilsette. Kan få misleg framferd og svekka omdøme.	L	M	

3.9 INFORMASJONSSIKKERHEIT OG PERSONVERN

Personvern handlar om retten til privatliv i fred som er eit grunnleggande prinsipp i ein rettsstat. Idealet er at kvar einskild skal ha råderett over eigne personopplysningar. Ny lov om handsaming av personopplysningar (2018) gjennomfører EU si personvernforordning (GDPR) i Norge og gjer personvernforordninga til norsk lov.

Myndighetene si satsing på ein heildigital offentlig forvaltning fører til at informasjonssikkerheit og risikovurdering blir ein sentral del av arbeidet med IKT-system og verksemdprosessar. Personvernforordninga (GDPR) inneber at kommunar skal gjennomføre og dokumentere at tilsette har gjennomført opplæring i personvern og informasjonssikkerheit. Hensikta med personellsikkerhet er å legge til rette for at tilsette og andre forstår sitt ansvar og er eigna for rolla dei har, slik at risiko for tap, driftsforstyrringar, svindel og misbruk blir redusert til eit akseptabelt nivå. Målet er å forhindre tilkomst til, skade på og forstyrring av lokalar, IKT-system og informasjon. Hensikta er å sikre integritet, tilgjengelegheit og konfidensialitet til informasjon som blir handsama for å løyse oppgåvene til verksemda, og til alle driftsmessige og systemmessige IKT leveransar.


Mange kommunar har ei handbok for informasjonssikkerheit. Denne kan bli integrert som eit kapittel i verksemda sine rutinar eller den kan stå for seg sjølv. I tillegg til ei handbok bør det vere overordna retningslinjer i form av ein «informasjonstryggleikspolicy» for verksemda. (nettvett.no).

Stranda kommune har personvernombod gjennom avtale med Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal (IKA). Kontaktinfo til vedkommande er lagt ut på heimesida til kommunen. Det er og lagt ut ein del informasjon om GDPR og handtering av personopplysningar. Personvernombodet gjennomførte i 2019 tilsyn med kommunen, og det vart avdekt nokre avvik.

Postlista blir kontrollert av 2 personar kvar dag, og blir tilgjengeleg etter 2 dagar.

Dei siste åra har ei rekke kommunar tatt i bruk ulike «apper» til kommunikasjon mellom foreldre og tilsette i skular og barnehagar. Det har vore tilfelle der personopplysningar har blitt gjort tilgjengeleg for personar som ikkje skulle ha slik informasjon. Det er viktig at kommunar ved innføring av «apper» eller liknande, sikrar at desse ikkje fører til at sensitive opplysningar blir tilgjengeleg for andre enn dei som har rett til dette.

RISIKOVURDERING INFORMASJONSSIKKERHET

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Informasjons-tryggleiken er ikkje tilfredsstillande	Personvernombod i regi av IKA som arbeider aktivt og fører tilsyn. Område i rask utvikling.	Sensitive opplysningar for innbyggjarar eller viktige opplysningar for kommunen kan bli spreidd til uvedkomande	M	M	

3.10 ARBEIDSMILJØ

Tilhøva på ein arbeidsplass kan innehalde både oppbyggjande og nedbrytande arbeidsmiljø-faktorar. Desse arbeidsmiljøfaktorane bør bli vurdert både enkeltvis og samla med utgangspunkt i mulige innverknader på arbeidstakarens fysiske og psykiske helse og velferd.

Vurdering av arbeidsmiljø er delvis ei subjektiv vurdering. Det er den enkelte si oppleving av eigen arbeidssituasjon som ligg til grunn. Det som er akseptabelt for nokre kan vere uakseptabelt for andre. Derfor behøver ikkje eit arbeidsmiljø vere kollektivt godt/dårlig, sjølv om det for enkelte kan bli opplevd som akseptabelt/uakseptabelt.

Det fins ei rekkje lovfesta krav til arbeidsmiljøet, jf. lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv (arbeidsmiljølova).

Både arbeidsgjevar og arbeidstakar har interesse av at arbeidsplassen er helsefremmande. Friske og motiverte medarbeidarar er ein nøkkelfaktor i gode og effektive bedrifter. For den enkelte betyr ein helsefremmande arbeidsplass betre livskvalitet gjennom økt jobbtillfredsheit og færre jobberelaterte helseplager.

I årsmeldinga for 2019 er tiltak mtp likestilling grundig gått gjennom. Det går vidare fram at kommunen i 2019 tilsette ein HMS-rådgjevar i 50% stilling, og at vedkommande skal vere einingsleiarane si støtte i HMS-relaterte oppgåver/problemstillingar.

I årsmeldinga går det ikkje fram noko om sjukefråveret i kommunen totalt, eller utviklinga av sjukefråværet. KS sin statistikk² viser at det ved utgangen av 3.kvartal 2019 var eit årleg samla sjukefråvær på 9,1%. Tilsvarende tal for året før var 8,4%, og 9,1% er det høgaste sjukefråveret Stranda har hatt dei siste 10 år i denne statistikken. På den andre sida er dette lågare enn talet for andre kommunar som i gjennomsnitt var 9,8% ved utgangen av 3.kvartal 2019. Tala som kommunen presenterte i budsjett- og økonomiplan 2020-2023 er lågare enn dette av forskjellige årsaker, men etter vår vurdering er tala frå KS gode for å samanlikne mellom kommunar og over tid. Kommunen er med i IA-avtalen med målsetting om reduksjon i sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet. Det ser ikkje ut til at det blir rapportert om sjukefråvær systematisk til kommunestyret i samband med ordinær tertialrapportering.

Jf. svara i spørjeundersøking til leiarar i kommunen har det nyleg vore medarbeidarundersøkingar i kommunen som einingane har følgt opp lokalt. Rådmannen opplyser om at det er punkt i alle leiaravtaler at det skal gjennomførast medarbeidarsamtalar årleg.


Kommunen har seniorpolitiske tiltak for å motivere for å stå lenger i stillinga.

I spørjeundersøkinga til einingsleiarar går det fram at rekruttering at rett kompetanse er utfordrande i enkelte sektorar/einingar.

² <https://www.ks.no/fravarstall>

«Arbeidsmiljø/HMS» og «Likestilling» var to av områda Kontrollutvalet i sitt møte 26.05.20 framheva som aktuelle for vidare arbeid.

RISIKOVURDERING ARBEIDSMILJØ

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Arbeidsgjevar- ansvaret blir ikkje ivareteke på ein tilfredsstillande måte	Sjuefråværet har auka litt. Det blir gjennomført medarbeidarundersøkingar og samtaler. I enkelte sektorar er det vanskeleg å få tak i personell med rett kompetanse	Kommunen sitt omdøme som arbeidsgjevar kan bli svekka, noko som kan gjere rekruttering og å behalde medarbeidarar vanskelegare.	M	M	

3.11 SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Forskrift om kommunal beredskapsplikt pålegg kommunane å arbeide heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap.

Som følge av m.a. skredfare har det vore jobba mykje med beredskap i Stranda kommune, og det har vore sterkt fokus på dette over lang tid. Svært komplisert område då ein i Stranda i tillegg har stort innslag av cruisetraffikk og turistar delar av året.

Det ligg føre ROS-analyse frå 2015

Fylkesmannen hadde tilsyn med «Kommunal beredskapsplikt» i 2017. Tilsynet avdekte eit avvik og ein merknad.

Avvik:

- Stranda kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.


Merknad

- Kommunen bør prioritere høgt lukking av avviket innan rimeleg tid, då avvik vart gjeve på det same forholdet også ved førre tilsyn.

Beredskap innan smittevern har vore eit aktuelt tema i det siste. Stranda reviderte sin Beredskapsdelplan smittevern i juli 2019.

Samfunnssikkerheit og beredskap var saman med Intern kontroll og avvikssystem, Digitalisering og Samfunnssikkerheit og Offentlege innkjøp – av dei sektorovergripande områda som flest politikarar i spørjeundersøkinga til formannskap og utvalseiarar meinte kommunen har størst utfordringar.

RISIKOVURDERING SAMFUNNSSIKKERHEIT OG BEREDSKAP

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen ivaretek ikkje krav til samfunns-sikkerheit og beredskap.	Kommunen har beredskapsplaner der ansvar og oppgaver er bestemt. Planar blir jamleg gått gjennom, og det blir gjennomført øvingar. Sterkt fokus på området over lang tid, men samstundes er dette spesielt komplisert i Stranda. Kommunen har fått testa seg i 2020.	Hendingar kan føre til unødvendige følgjeskadar som følge av dårleg handtering. Kommunen sitt omdøme kan bli svekka.	L	H	

4 KOMMUNALE TENESTER - SEKTORAR

4.1 BARNEHAGE

Barnehagen skal legge eit godt grunnlag for vidare utvikling og læring. Målet er ein trygg barnehage med kvalifiserte og omsorgsfulle vaksne, ein barnehage der barna kan leike og lære.

Det er krav til kvalitet i barnehagen for at barn skal få ein god start og gode muligheiter til å klare seg vidare i livet³. Retten til barnehageplass gjeld for alle barn som er født innan utgangen av november det året det blir søkt om barnehageplass. Barnehagane skal være tilgjengelige for alle barn og uavhengig av foreldra sin økonomi.

Det vart gjennomført tilsyn med Stranda kommune som barnehagemyndigheit, 04.10.2019. Det vart avdekka følgjande lovbrøt:

Barnehagelova § 8: Kommunen som barnehagemyndigheit

- Stranda kommune som barnehagemyndigheit brukar ikkje kunnskapen dei har om kvar enkelt barnehage til å gjere risikovurderingar for å vurdere behovet for rettleiing og tilsyn.
- Stranda kommune som barnehagemyndigheit brukar ikkje rettleiing som verkemiddel for å sjå til at regelverket vert etterlevd etter barnehagelova hos barnehageeigar.
- Stranda kommune som barnehagemyndigheit vurderer og konkluderer ikkje på om barnehageeigar oppfyller lovkrava i barnehagelova i sine tilsynsrapportar.
- Stranda kommune som barnehagemyndigheit formidlar ikkje sine vurderingar og konklusjonar skriftleg til barnehageeigar.

Barnehagane i Stranda ser ut til å halde dei økonomiske rammene.

På barnehagefakta.no finn ein informasjon om barn per tilsett, barn per barnehagelærer, dei tilsette si utdanning og foreldretilfredsheit. Foreldretilfredsheit hausten 2019 (maks 5,0) ligg inne berre for tre av dei 7 barnehagane i kommunen: Ringstad barnehage 4,4, Sunnylvn barnehage 4,2 og Helstad barnehage 4,8. Det nasjonale gjennomsnittet var 4,5.

Det blir og gitt informasjon om barnehagen oppfylte pedagognormen per 15.12.2019. Av 7 barnehagar som blir omtalt blir det opplyst at berre 2 oppfyller pedagognormen utan dispensasjon (Geiranger barnehage og Trollhaugen barnehage). Dei resterande har dispensasjon (Ringsta barnehage, Sunnylvn barnehage, Liabygda barnehage, Tusenfryd barnehage og Helstad barnehage).

I KOSTRA går det fram at andel barnehagelærarar i høve til grunnbemanninga er litt lågare i Stranda enn landet elles og i samanliknbare kommunar. Det går vidare fram i KOSTRA at andel born 1-5 år som går i barnehage er litt høgare enn samanliknbare kommunar og landet elles.




³ <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/innsikt/Rett-til-barnehageplass/id2344761/>

Andel barn i barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp er litt lågare enn i samanliknbare kommunar.

Barn pr. tilsett i barnehagane i Stranda er 5,6, nasjonalt snitt er 5,7. Barn per barnehagelærer er 16, nasjonalt snitt er 13,6.

I spørjeundersøkinga har alle barnehagane svart at dei er sårbare ved fråvær då det ikkje er lett å finne kvalifiserte vikarar.

RISIKOVURDERING BARNEHAGE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Barnehagane held ikkje økonomisk ramme	Barnehagane i Stranda haldt økonomisk ramme i 2019. Tilskot til private barnehagar avhenger av eigne driftsutgifter.	Barnehagane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i barnehagane er ikkje tilfredsstillande	Litt høgt tal på b.hagar med dispensasjonar. Sårbare ved fråvær. Forskjellar mellom barnehagane.	Barna får ikkje eit kvalitativt godt nok tilbod	M	M	
Kommunen fyller ikkje opp krav om rett til barnehageplass	Barnehagedekninga framstår som god	Barn får mindre pedagogisk, sosial og kulturell opplæring enn ønskeleg. Arbeidskraft blir ikkje utnytta. Mindre tilflytting og vekst	L	M	

4.2 GRUNNSKULE

Det er eit mål at skulen skal ha høg kvalitet og gi den enkelte og samfunnet naudsynnte føresetnader for framtidig velferd, verdiskaping og en berekraftig utvikling. Skulen skal bygge på prinsippet om likeverdig og tilpassa opplæring for alle i ein inkluderande skule. Det er eit mål at alle elevar skal oppnå grunnleggande ferdigheiter og oppleve mestring og utfordring i skulen. (Kjelde: regjeringen.no)

Det vart gjennomført tilsyn med Ringstad skule og Stranda kommune – Skulemiljø – skulen si aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt arbeidsmiljø 01-02.10.2019. Funn:
«skulen ikkje dokumenter godt nok korleis dei følger med og grip inn, og at dei ikkje er heilt i mål når det gjeld tilsette si varslingsplikt. Skulen har forbetra praksisen den siste tida, noko som er positivt. Det vart såleis avdekt færre brot på regelverket enn det vi hadde venta. Kommunen har ikkje eit fullt ut forsvarleg system på området.»

Kommunen skal årleg utarbeide ein obligatorisk tilstandsrapport jf. Opplæringslova § 13-10. Den siste som er lagt fram var i 2018: «Tilstandsrapport for grunnskulane i Stranda 2017». Det blir opplyst at det blir arbeid med ny som skal leggast fram i år.

Grunnskulen sitt Informasjonssystem (GSI)⁴ samlar inn store mengder data om grunnskulen i Norge. Der ligg informasjon om: elevtal, årstimar, årsverk, spesialundervisning, språklege minoritetar, målform, framandspråk, fysisk aktivitet, leksehjelp, SFO, valfag og PPT. GSI for skuleåret 2019-2020

⁴ <https://www.gsi.udir.no/>

opplyser m.a. at 10% av undervisningspersonalet i Stranda kommune ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetting. Dette er noko høgare enn tilsvarande i gjennomsnitt for landet og fylket.

Elevundersøkinga 2019/2020 for 7.trinn viser at elevane i Stranda kommune opplever læringsmiljøet i kommunen anten på same nivå eller betre enn gjennomsnittet i fylket:

Indikator og nøkkeltall	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Læringskultur	4,2	3,9	4,1	4,2	4,2
Elevdemokrati og medvirkning	3,9	3,7	3,7	3,6	3,9
Faglig utfordring	4	3,8	3,9	4	4
Felles regler	4,3	4,4	4,3	4,4	4,4
Trivsel	4,5	4,4	4,3	4,4	4,2
Mestring	4	3,6	4	4,1	4,2
Støtte fra lærerne	4,6	4,5	4,7	4,6	4,6
Motivasjon	4	3,6	3,9	3,9	3,8
Vurdering for læring	4	4,1	3,9	3,8	4
Støtte hjemmefra	4,2	4,2	4,3	3,9	4,3

Tabell: Elevundersøkelsen, Indikator og nøkkeltall, Stranda kommune, Grunnskole, Alle eierformer, 2019-2020, Begge kjønn (toppscore 6)

Kjelde: Skoleporten.udir.no, april 2020

Stranda PPT har få tilsette og er sårbar ved fråvær. Siste delen av 2019 fekk ein drifta med 35% auke i personell og tatt igjen etterslep i sakshandsaminga, men ein nådde ikkje målet som å korte ned tid for handsaming av individsaker. Eininga meldar at dei treng auka kapasitet for å nå det målet.

KOSTRA-tala viser at kommunen brukar 27,4% til netto driftsutgifter grunnskule (i prosent av samla netto driftsutgifter. Dette er ein del meir enn samanliknbare kommunar(22,2%) og landet utanom Oslo (23%).



I 2019 var resultatet på Nasjonale prøver lesing 8.trinn (mestringsnivå 3-5) 81,3%. Gj.sn. i landet utanom Oslo var 75%. Tilsvarande på rekning var resultatet 71,4% og landet utanom Oslo 68,7%.



Vaksenopplæringa er lokalisert til Stranda ungdomsskule. Det ligg informasjon om vaksenopplæringa på heimesida til kommunen under «Oppvekst». Denne er ikkje heilt oppdatert då det blir operert med søknadsfrist i 2016.

Det er SFO ved alle skulane. I 2019 var det lagt inn midlar til 2 stillingar i SFO for tilbud til barn med særlege behov.

To av skulane hadde meirforbruk i 2019. Dei andre gjekk med mindreforbruk.

RISIKOVURDERING GRUNNSKULE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreffer	Konsekvens om risiko inntreffer	S	K	V
Skulane held ikkje økonomisk ramme	Litt meirforbruk i 2019.	Skulane brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kvaliteten i grunnopplæringa er ikkje tilfredsstillande, Spesialundervisning/tilrettelagt opplæring eller PP tenesta fungerer ikkje tilstrekkeleg	Det vart ikkje utarbeidd tilstandsrapport i fjor. Elevundersøkingar blir gjennomført. Gode faglege resultat på samanlikningar. PPT når ikkje fristmål. Omfanget av spesialundervisning er høgt og aukande.	Elevane får ikkje tilfredsstillande læringsutbytte	M	H	

Kvaliteten i skulefritidsordninga (SFO) er ikkje tilfredsstillande	Alle skulane har tilbod om SFO.	SFO-tilbodet er ikkje i samsvar med den betaling som blir kravd.	L	M	
Kvaliteten i vaksenopplæringa er ikkje tilfredsstillande	Informasjon på heimesidene. Ikkje funn som tyder på at det ikkje blir gitt dei tenester innbyggjarane har krav på.	Svak utnytting av den enkelte sine evner og kan gjere integrering vanskelegare.	L	M	

4.3 HELSE

Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege helsetenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

Alle som er busett i ei norsk kommune, har rett til å stå på liste hos ein fastlege. Vi har god legedekning med færre innbyggjarar per fastlege enn mange andre land. Statistikken viser at kommunane har lukkast med å rekruttere fleire fastleger enn befolkningsveksten tilseier, men arbeidsoppgåvene har blitt fleire for legene. (Kjelde: regjeringen.no).

Rekneskapen for 2019 viste eit lite meirforbruk for Helsetenesat på 0,3 mill. kroner.



KOSTRA-tal viser at andel heimebesøk utført at jordmor innan 3 døgn etter heimkomst frå fødeavdeling (90,67%) er høgare enn samanliknbare kommunar (49,4%) og landet utan Oslo (47,4%,). Men det er ein del lågare del helsesjukepleiarar i denne tenesta (sett i høve til innbyggjarar 0-20 år 9,8% og i høve innbyggjarar 0-5 år 40,7%) enn både samanliknbare kommunar (22,7% og 93,4%) og landet utanom Oslo (22,5% og 86,6%). Totalt i tenesta er det derimot litt høgare tal på årsverk enn samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo.



KOSTRA viser vidare at gjennomsnittlig listelengde for legane i Stranda (893 pasientar) er litt høgare enn samanliknbare kommunar (815), men lågare enn landet utanom Oslo (1049). Dersom ein korrigerer for kommunale timar er tala for Stranda framleis 893 pasientar, medan det for KG-gruppe 2 er 985 og landet utanom Oslo 1156. I KOSTRA går det og fram at andel kvinnelege legar (80%) er høgare enn samanliknbare kommunar (48,6%) og landet utanom Oslo (45,5%).

Kommuneoverlege er tilsett i stilling med 7,5t pr veke. Helsetenesta melder at dette er for lite, og heller ikkje er i tråd med Kommunelegeavtalen (KS og legeföreninga) §13.3 der det går fram at kommunen skal legge til rette for minimum 50% stilling til kommuneoverlege.

Hausten 2019 vart det tilsett 50% stilling som folkehelsekoordinator.

RISIKOVURDERING HELSE

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Helsetenesta held ikkje økonomisk ramme	Samla hadde aktuelle tenesteområde eit lite meirforbruk i 2019	Helsetenesta brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i helsestasjonen er ikkje tilfredsstillande	Høgt tal på besøk innan 3 dagar av jordmor. Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Mor og barn får ikkje dei førebyggjande helsetenestene dei har krav på.	L	M	

Kvaliteten i førebyggjande helsetiltak i skulehelsetenesta er ikkje tilfredsstillande	Auka kapasitet. Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	L	M	
Legedekninga i kommune er ikkje tilfredsstillande	Ikkje høg listelengde i snitt. Lav stillingbrøk på kommuneoverlege.	Innbyggjarane får ikkje helsetenestene dei har krav på.	M	M	

4.4 BARNEVERN

Barnevern har som hovudoppgåve å sikre barn og unge sine oppvekstvilkår.


Barnevernet skal beskytte barn mot omsorgssvikt og motverke at barn lider fysisk og psykisk overlast. Blir barnevernet kjent med slike forhold, har det ei lovbestemt plikt til straks å undersøke korleis barnet har det, og om nødvendig sette i verk tiltak. Jf. barnevernlova har barneverntenesta plikt til å gjennomgå ei melding snarast, og om nødvendig, gjennomføre ei nærare undersøking seinast innan 3 mnd. Dersom det er naudsynt å sette i verk tiltak, skal dette bli gjort seinast 6 veker etter at undersøkinga er avslutta. Sidan lovgjeverane ser det som viktig at barna får hjelp i tide, kan kommunen få mulkt dersom fristane ikkje blir haldne.

Barnevernet sitt arbeid er ei blanding av støtte og kontroll. Det skal gi hjelp og støtte slik at heimen skal kunne makte sitt ansvar for oppdraging, men det har og plikt til å gripe inn dersom dette ikkje nyttar. (Kjelde: regjeringen.no, Q-0801)

I KOSTRA-tabellen som er vedlagt går det fram at Stranda bruker mindre kroner pr innbyggjar i relevant aldersgruppe enn både samanliknbare kommunar og landet elles. Men det går og fram at utgiftene er aukande. Det går vidare fram at Undersøkingar med handsamingstid innan 3 mnd. Var 68% i 2019. Dette er ein reduksjon frå 2018 og 2017, og det det er lågare enn samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo.

Stranda kommune er med i ei interkommunal barnevernvakt på Sunnmøre. Denne vakta er open heile døgnet, heile året. Hovudoppgåva til den interkommunale barnevernvakta er å hjelpe barn og familiar i akutt krise. Ålesund kommune er vertskommune for ordninga.

RISIKOVURDERING BARNEVERN

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten i barnevernet er ikkje tilfredsstillande	Tal på barn med undersøking per årsverk er stabilt. Auke i del av undersøkingar som går over 3mnd. Eininga signaliserer behov for styrking.	Innbyggjarane får ikkje dei barnevernstenestene dei har krav på	M	H	

4.5 PLEIE OG OMSORG

Kommunane har ansvar for tenestetilbodet til alle menneske med behov for pleie- og omsorgstenester, utan omsyn til alder eller diagnose.

Kommunane har ansvaret for utbygging, utforming og organisering av eit forsvarleg og godt tenestetilbod til den enkelte som har behov for pleie- og omsorgstenester. Staten har ansvar for å sikre kommunane gode rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer og ved å føre tilsyn. Staten skal vidare legge til rette for kommunal planlegging og utvikling i balansen mellom omsynet til eit likeverdig tenestetilbod til alle og tilpassing til lokale forhold og behov.

Omsorgstenestene må bli organisert slik at brukar så langt som mulig kan leve og bu sjølvstendig, og ha ein aktiv og meningsfull tilvære i fellesskap med andre. Tenestene skal bli utforma i samråd med brukaren.

Kommunale helse- og omsorgstenester består i hovudsak av ulike former for heimetenester, som for eksempel heimesjukepleie og praktisk bistand, opphald i institusjon, og tilbod om avlastningstiltak, støttekontakt og omsorgsløn. Som ein del av ordninga med praktisk bistand skal alle kommunar ha tilbod om Brukarstyrt personlig assistanse (BPA). Dette er ei alternativ organisering av praktisk bistand etter lov om sosiale tenester. Det er kommunen som avgjer om brukarane skal få organisert tenestene som BPA. Ordninga inneber at tenestemottakaren har eigne faste assistentar som han eller hun har arbeidsleiaransvar for.

Utover dette kan den enkelte kommune ha ordningar og tilbod spesielt tilpassa eigen kommune, som for eksempel matlevering og tryggleiksalarm. (Kjelde: regjeringen.no)

I perioden 2017 vart det betalt 0,2 mill. kroner for utskrivingsklare pasientar. Det er ikkje betalt noko i 2018 og 2019.

Fylkesmannen har i tidsrommet 26.07.19-03.02.20 hatt «Tilsyn med helse- og omsorgstenester til personar som har ei utviklingshemming i Stranda kommune 2019». Det vart konkludert med følgjande lovbrøt:

- 1. Stranda kommune sikrar ikkje at personar som har ei utviklingshemming får forsvarlege helse- og omsorgstenester gjennom kartlegging av behov, utmåling av tenester i vedtak, tiltaksplan, tenesteutføring og evalueringa av tenesteutføringa*
Dette er brot på:
Forvaltningslova § 17, helse- og omsorgstenestelova §§ 4-1 og 4-2, forskrift om leing og kvalitet § 6-9
- 2. Stranda kommune sikrar ikkje at legemiddelhandteringa i verksemda er i tråd med gjeldande regelverk*
Dette er brot på:
Helse- og omsorgstenestelova § 4-2 første ledd, jf. Legemiddelhandteringsforskrifta § 4
- 3. Stranda kommune sikrar ikkje at alle tilsette får tilstrekkeleg opplæring i førstehjelp*
Dette er brot på
Helse- og omsorgstenestelova § 4-1 bokstav d og § 8-2

Vidare vart det gjennomført «tilsyn med vurdering av samtykkekompetanse og bruk av tvang – Stranda kommune 2019» i tidsrommet 16.01.2019-08.04.2019. Det vart konkludert med følgjande lovbrøt:

- 1. Stranda kommune har ikkje rutine og praksis for at samtykkekompetanse til pasientane ved avdeling for demente blir vurdert.*
- 2. Stranda kommune har ikkje rutine og praksis for at somatisk helsehjelp med tvang, ved avdeling for demente, blir vurdert opp mot pasient- og brukarrettighetsloven kapittel 4A*
Dette er brot på:
Lov om pasient- og brukarrettigheter §§ 4-1, 4-3, og kapittel 4A

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m § 3-1, tredje ledd og § 4-1, jf. Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten.

Her er dei tiltaka som kommunen sette i verk vurdert til å vere tilstrekkelege, og tilsynet vart difor avslutta.

KOSTRA-tal viser at har vore ein gradvis reduksjon i kor stor del av innbyggjarane 80+ som bur på sjukeheim. Dette er også noko lågare (9,3%) enn i samanliknbare kommunar (12,6%) og landet utanom Oslo (11,9%). Same aldersgruppa brukar heimetenestene (41%) derimot meir enn samanliknbare kommunar (35%) og landet utanom Oslo (30,3%). Det er vidare slik at utgifter til helse og omsorg pr innbyggjar i Stranda er aukande (35.042), men framleis noko lågare enn samanliknbare kommunar (37.041) og ein del høgare enn landet utanom Oslo (28.772).

Fysioterapitimer pr. veke pr. busett i sjukeheim var i 2019 litt lågare i Stranda enn i samanliknbare kommunar og landet elles. Legetimer pr. veke pr bebuar i sjukeheim var i 2018 og 2019 også litt lågare enn samanliknbare kommunar.

Samla sett gjekk Pleie- og omsorg om lag i balanse i 2019, men det var budsjettavvik på den enkelte eining.

Stranda rapporterte inn 29,7 mill. kroner i utgifter til ress.krevjande tenester i 2019. Tilskotet for dette er berekna til 12,9 mill. kroner. I 2018 var rapporterte utgifter 28,6 mill. kroner og tilskotet 11,7 mill. kroner. Endringar i brukarar kan gi store økonomiske utslag.

I svara til spørjeundersøkinga til einingsleiarane er dette ein av sektorane som blir trekt fram der det er utfordrande å rekruttere rett kompetanse.

Kontrollutvalet tok fram «Dimensjonering av heimebasert omsorg» som aktuelt tema i sitt møte 26.mai.

I spørjeundersøkinga til formannskap og utvalsleiarar kom det fram at flest meinte at Psykisk helse og rus har størst utfordringar, men Pleie og omsorg var det som var merka av på neste plass.

RISIKOVURDERING PLEIE OG OMSORG

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Pleie og omsorg held ikkje økonomisk ramme	Totalt sett om lag balanse i 2019, men det er økonomisk utfordrande.	Pleie og omsorg brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Kommunen er ikkje tilpassa samhandlingsreforma	Låge utgifter til liggjedøgn for utskrivingsklare pasientar.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på. Kommunen kan få økonomiske tap.	L	M	
Kvaliteten i sjukeheim er ikkje tilfredsstillande	Det er gjennomført brukarundersøkingar i samband med RO-prosjekt. Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i institusjon dei har krav på.	L	H	
Kvaliteten i heimetenesta er ikkje tilfredsstillande	Ikkje funn indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Innbyggjarane får ikkje den pleie og omsorg i heimane dei har krav på.	L	H	
Kvaliteten i tilbodet til funksjonshemma er ikkje tilfredsstillande	Omfattande tilbod som får støtte gjennom ordning for ress.kr. tenester.	Funksjonshemma innbyggjarar får ikkje den pleie og omsorg og hjelp dei har krav på.	L	H	
Det er for få kommunale bustader	Tal har gått ned, men høgare enn samanliknbare kommunar.	Dei som har behov for bustader kan få dårlegare livskvalitet.	L	M	

4.6 PSYKISK HELSE OG RUS


Dette er organisert i fleire av einingane. I Sosialtenesta har det vore vakansar på området, og det er meldt om at det er for få tilsette og m.a. at det manglar søkjarar til stilling som psykolog. Vidare at det kan vere ei utfordring å få til godt tverrfagleg samarbeid. Helsetenesta skal gi eit lavterskel tilbod innanfor psykisk helse til barn og unge, og det er slik at talet på tilsette på helsestasjonar/skulehelsetenesta no i forhold til tal på innbyggjarar i målgruppa ligg godt over samanliknbare kommunar.

Det er utarbeidd utkast til ny ruspolitisk handlingsplan 2020-2024, og arbeidet er gjort av arbeidsgruppe med deltakarar frå relevante sektorar.

KOSTRA-tal viser at kommunen brukar lite til tilbod til personar med rusproblem sett i høve samanliknbare kommunar og landet utanom Oslo. Det er også eit relativt lågt tal på årsverk av personer med vidareutdanning i psykisk helsearbeid i kommunen.

I spørjeundersøkinga til formannskap og utvalsleiarar kom det fram at flest meinte at Psykisk helse og rus er det området kommunen har størst utfordringar.

RISIKOVURDERING PSYKISK HELSE OG RUS

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten ved kommunale tenester innan psykisk helse og rus er ikkje tilfredsstillande	Utfordring med arbeid på tvers av einingar. God dekning skulehelsetenesta. Har ikkje fått tilsett psykolog. Har utarbeidd ruspolitisk handlingsplan med deltaking frå mange sektorar.	Innbyggjarar med behov får ikkje den hjelpa dei har krav på.	M	H	

4.7 NAV


Kommunane har ansvar for å sørge for gode og forsvarlege sosialtenester til alle som treng det, uavhengig av alder eller diagnose. Staten har ansvar for å sikre like rammevilkår gjennom regelverk og økonomiske rammer. Staten har også ansvar for å føre tilsyn og kontroll.

NAV skal bidra til å skape eit inkluderande samfunn, eit inkluderande arbeidsliv og ein godt fungerande arbeidsmarknad. Etaten skal ivareta behova til vanskelegstilte grupper og kjempe mot fattigdom, m.a. ved å stimulere til arbeid og deltaking. Etaten har også ansvar for å sikre inntekt ved arbeidsløyse, svangerskap og fødsel, aleineomsorg for barn, sjukdom og skade, uførhet, alderdom og dødsfall. (Kjelde: regjeringen.no)

I Stranda er det lave utgifter til sosial hjelp, og det ser ut til å vere få mottakarar av slik stønad. Kontoret har vore sårbart, og det har vore eit ønske om større fagmiljø også for å spisse kompetansen i kontoret. Under føresetnad om godkjenning av vertskommuneavtale vart det i november 2019 vedteke i kommunestyret å slå saman NAV-kontora for Stranda og Sykkylven.

RISIKOVURDERING NAV

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kvaliteten ved NAV er ikkje tilfredsstillande	Lave utgifter. Høg sysselsetting i kommunen over tid. Kontoret er vedteke samlokalisert med Sykkylven.	Brukarane får ikkje den hjelp dei treng. Samfunnet får ikkje nytta	L	M	



	Dette vil gjere det mindre sårbart, men blir då fysisk lokalisert i anna kommune.	arbeidskrafta godt nok. Kommunen kan få auka utgifter.			
--	---	--	--	--	---

4.8 KULTUR

Eining for kultur består av bibliotek, kulturskule og idrettsanlegg i tillegg til å ha ansvar for andre kulturrelaterte tilhøve. Nokre utfordringar som er nemnde er å skaffe nok variert kvalifisert personale til kulturskulen, økonomi innanfor bibliotek og vedlikehald av idrettsanlegg i kommunen. I 2018 var det eit meirforbruk på 0,2 mill. kroner som følgje av lågare brukarbetaling enn budsjett og høgt straumforbruk i idrettshall. I 2019 var det tilnærma balanse.

Netto driftsutgifter til Kultur er lågare enn samanliknbare kommunar både i høve totale utgifter og målt pr. innbyggjar, men samstundes er det slik at ein større del av born 6-15 år i Stranda deltek på Kulturskulen samanlikna med tilsvarende kommunar. Kommunen har investert i idrettsanlegg, og har også Storfjord kulturhus som blir mykje brukt.

RISIKOVURDERING KULTUR

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kultur held ikkje økonomisk ramme	Lite meirforbruk 2018, og om lag balanse i 2019.	Kultur brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	L	M	
Kvaliteten i kulturtenesta er ikkje tilfredsstillande	Stranda har over tid brukt mykje på idrettsanlegg. Det er stort engasjement for frivillige lag og organisasjonar i kommunen.	Mindre kultur og fritidstilbod til innbyggjarane. Dårlegare tilrettelagt for språk og leselæring. Mindre attraktiv kommune å bu i	L	M	

4.9 TEKNISK

Teknisk eining i Stranda kommune er organisert i 3 ansvarsområder; *Næring, Teknisk og Vaktmeistertenesta*. I årsmeldinga for 2019 går det fram at:

Næring: Eininga omfattar mellom anna sakshandsaming innan næring, jordbruk, skogbruk, viltforvaltning, plan, kart, oppmåling og byggesak.

Teknisk: Drift og vedlikehald av kommunale vassverk og reinseanlegg for avløp, samt tilhøyrande infrastruktur. Drift og vedlikehald av kommunale vegar, grøntanlegg og parkar. Brannførebygging og brannberedskap.

Vaktmeistertenesta: Drift og vedlikehald av kommunale skular, barnehagar, omsorgssenter og idrettshall. Dagleg vedlikehald og dels tilpassing av hjelpemiddel lønnast av vaktmeistertenesta (50% av en stilling).

Det går også fram at der var 27,1 årsverk inklusiv brannmannskap i 2019.

I 2019 var det samla for eininga eit mindreforbruk.

Andre gongs offentleg ettersyn av Stranda kommune sin arealdel 2020-2032 vart behandla i kommuneplanutvalet den 04.06.20. I følgje tala frå KOSTRA vart det vedteke 9 reguleringsplaner i 2019, medan det vart vedteke 12 og 8 for respektivt 2017 og 2018. Dette er eit høgt nivå i høve til folketalet.

Når det gjeld byggesøknadar er det oppgitt til KOSTRA om lag 90 til 100 søknadar per år dei siste åra. Om lag 50 % til 60 % av desse, er søknadar med 3 vekers frist.

Vi har satt opp ein tabell over nokre viktige indikatorar innan byggesak:

Nøkkeltall	Sykkylven			Kostragr. 02	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	23	..	34	14	18
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	45	..	56	32	37
Andel av innvilgete byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	34	..	33	21	17
Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)	2	..	0	122	884
Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget (prosent)	100	..	100	97	95

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for ordinære byggesaker med tre vekers frist er 34 dagar. Det er noko høgt. Vårt generelle inntrykk etter ein gjennomgang av grunnlagstala er at det er mange saker i Stranda samanlikna med andre kommunar. I tillegg er det fleire omfattande saker enn det som er vanleg, og at det er mykje dispensasjonar. Dette legg press på kapasitet, og av årsrapport for 2019 under næring går det fram at:

Stadig stort trykk på alle fagfelt. Klarer framleis i stor grad å overhalde lovpålagte sakshandsamingsfristar. Mykje krevjande sakar, særskild innan tilrettelegging for næringsliv, samt byggesak og reguleringsplan.

Når det gjeld tilsyn retta mot byggeverksemd der det ikkje er søknadsplikt, er det ikkje oppgitt tall for 2017 og 2018, men det er oppgitt 0 for 2019. Det er vår erfaring at tilsynsarbeidet generelt, har vore noko nedprioritert hos kommunane som følgje av knappe ressursar, men at temaet har ein tilbakevendande aktualitet. Av årsrapport for 2019 går det også fram at:

Ein har ikkje hatt ressursar til å ta tak i byggesakstilsyn og oppfølging av ulovligheiter i særleg grad. Eininga manglar kompetanse på dette feltet, då det er nærare knytt til jus enn byggeteknisk.

Når det gjeld brann går det fram av budsjettet for 2020: *Mykje påkravd utdanning av brannvesen.*

Vidare når det gjeld veg at: *Per dags dato er det berre ein tilsett som arbeidar med drift og vedlikehald av kommunale vegar. Dette er ikkje tilstrekkeleg i lengda. Etterslepet på vedlikehald av vegar, samt grøfterydding langs vegar, er stort.*

Når det gjeld eigedom går det fram av årsrapport for 2019 at det er et: *Stort etterslep på vedlikehald på dei fleste bygga. Vi har ikkje økonomi til å vedlikehalde bygg, vi driv i stor grad å reparerer ting som faktisk er gått i stykker.*

Kommunestyret vedtok gebyra innan vatn, avløp og renovasjon for 2020 den 13.11.19 i ei eiga sak 090/19. Saksutgreiinga står fram som kort og er bart på eit notat frå eksterne. Ein vedtok følgjande

Gebyret for vatn vert auka med 7,0 %.

Gebyret for avløp vert uendra.

Gebyret for renovasjon vert auka med 9,1%.

Nøkkeltall	Stranda			Kostra gr. 2	Landet uten Oslo
	2017	2018	2019	2019	2019
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	3 441	3 548	3 548	4 419	3 739
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	4 494	4 494	4 045	4 645	4 142
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva. (gjelder rapporteringsåret+1) (kr)	3 504	3 644	3 644	2 690	2 851
Andel fornyet kommunalt ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	..	0,00	0,00	..	0,67
Andel fornyet kommunalt spillvannnett, gjennomsnitt for siste tre år (prosent)	1,07	1,28	1,66	..	0,57

Av tabellen les ein at leidningane innan vatn ikkje har vore fornya dei seinare åra, medan avløpsleidningane har hatt ein viss fornying dei seinare år. For 2019 var utskiftingstakta for avløp 1,66 %, det inneber ei utskiftstakt der ein i gjennomsnitt fornyar leidningane etter 60 år




Ei nasjonal utskiftingstakt på 0,67 % inneber tilsvarande at ein nasjonalt fornyar leidningane etter 149 år. Ein kan her nemne at i kommunerekneskapen har ei avskrivning på leidningane på 40 år. Det er viktig å ha ei god utskiftingstakta slik ein ikkje skyv på desse forpliktinga til framtidige generasjonar. Det synast etter KOSTRA-tala å vere tilfellet for avløp, men ikkje for vatn.

I budsjettdokumentet går det fram at det er fokus på vasskvalitet, men at: *Stranda kommune har fleire strekk med eternittrør som ikkje er skifta. Med dagens utskiftingsrate, vil det ta om lag 10-15 år før vi er ferdig med utskiftinga. I tillegg har vi ein god del eldre vassbasseng og kummer, som ikkje er i optimal stand.*

Det går fram at ein ikkje har ein overordna oversikt over problematikk knytt til overvatn i Stranda kommune.

RISIKOVURDERING TEKNISK

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Teknisk held ikkje økonomisk ramme	Mindreforbruk i 2019. Pressa rammer.	Teknisk brukar meir enn planlagt. Kan gå ut over andre tenester og svekke kommunen sitt omdøme.	M	M	
Byggesaks-handsaminga er ikkje tilfredsstillande	Blir vurdert som ein viss sannsynlegheit. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for saker med 3 veker fristar er 34 dagar.	Privatpersonar, næringsliv og off. myndigheiter blir forseinka med utbyggingsprosjekt	M	M	
Kommunale bygg blir ikkje vedlikehaldne i tilstrekkeleg grad	Framgår i årsrapport at det er etterslep.	Arbeidsmiljøet for tilsette, elevar, og bebuarar blir for dårleg. Kan gi store utgifter til totalrenovering eller nybygg.	H	M	
Kvalitet i veg og trafikktjenestene er ikkje tilfredsstillande	Framgår i budsjettdokumentet at det er stort etterslep.	Liv og verdiar kan gå tapt. Kan gi svekka omdøme.	M	M	
Kvaliteten i brannberedskap er ikkje tilfredsstillande	Kommunen har generelt høg fokus på beredskap. Det er ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Liv og verdiar kan gå tapt	L	H	
Kvaliteten i vannforsyning og avløp er ikkje tilfredsstillande	Ikkje overordna oversyn og overvatn-problematikk. Signal om manglande utskifting eternitt mv.	Innbyggjarane kan få for lav kvalitet på vatn og avløp eller leveransa kan bli broten. Dårlig kvalitet på vatn kan føre til sjukdom	M	H	

Sjølvkostberekningane innan VA er feil	Komplisert regelverk. Nyttar Envidan Momentum.	Innbyggjarane betaler feil pris på Vatn og Avløp. Kan gi svekka omdøme.	M	M	
Kvaliteten i renovasjonsordninga er ikkje tilfredsstillande	Det er Ikkje funne indikasjonar på at det ikkje blir levert forsvarlege tenester.	Avfall blir ikkje samla inn og/eller handsama på ein forsvarleg måte.	L	M	
Sjølvkostberekningane innan renovasjon er feil	Komplekst regelverk og avtaler mellom ÅRIM og kommunen.	Innbyggjarane betaler feil pris for renovasjon. Kan gi svekka omdøme.	M	M	

4.10 MILJØ

Tal frå KOSTRA på klima og energi avviker ikkje mykje frå tal for KOSTRA-gruppa og landet utanom Oslo, men ein ser at utslipp av CO2 knytt til energibruk er rapportert høgare i 2019 og andre kommunar.

Kommunen har hatt Energi- og klimaplan frå 2010. Arbeid med rullering av denne planen er sett i gang saman med andre kommunar i regi av Sunnmører Regionråd.

Kommuneplanen omtalar også miljø, og til dømes er nokre av strategiane for å må måla i kommuneplanen:

- *Redusere klimautslipp, forureining og miljøskadar ved å stille krav til miljøvennlege metodar, utstyr og produkt ved innkjøp av tenester i kommunen*
- *Oppfordre til miljøvennlege val ved reise til Stranda kommune og informere om avgrensingar når det gjeld kapasitet på infrastruktur*
- *Stille krav til reinare teknologi for cruiseskip og større køyretøy*

Kommunen har mellom anna hatt fokus på miljø både gjennom verdsarvbeidet og gjennom diskusjonar knytt til cruise-trafikken.

I dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging er signala⁵:

- Berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar
- Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere FN's berekraftsmål i Noreg
- Berekraftsmåla må bli ein del av samfunns- og arealplanlegginga, og dermed fylkeskommunane og kommunane si verksemd





Satsinga «Berekraftfylket Møre og Romsdal» omfattar alle kommunane i fylket. Alle kommunane i fylket skal kartleggast med 92 indikatorar knytt til dei 17 berekraftsmåla til FN.

Kontrollutvalet tok fram «Integrering av FN's berekraftsmål i kommunal planlegging» og «Biologisk mangfald» som aktuelle tema i sitt møte 26.mai.

I spørjeundersøkinga til formannskap og utvalsleiarar kom det fram at folketalsutviklinga var noko eit fleirtal av dei som svarte såg på som ei av dei største utfordringane/risikoområda framover.

⁵ <https://mrfylke.no/om-oss/prosjekta-vaare/utviklingsprosjekt/berekraftfylket-moere-og-romsdal>

RISIKOVURDERING MILJØ

Risikofaktor	Sannsynlegheit for at risiko inntreff	Konsekvens om risiko inntreff	S	K	V
Kommunen tek ikkje ansvar som miljømyndigheit	Kommunen har miljø og klimaplan frå 2010. Arbeid med rullering er sett i gang. Er med på satsing om berekraftylke.	Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	M	M	
Kommunen si klimatilpassing er ikkje tilfredsstillande	Blir omtalt i kommuneplanen.	Materiell skade for innbyggjarane og kommunen, eventuelt også tap av liv.	M	M	
Kommunen er ikkje førebudd på endring i folketal	Eige tema med delmål i kommuneplanen. Strategiar for å motverke, men kan bli utfordrande i bygdelaga.	Feil prioritering av kommunen sine ressursar. Stagnasjon i befolkningsvekst. Stagnasjon i skatteinngang.	M	M	
Høgt energibruk i kommunal virksomhet	Kostratyrer på at ein ikkje skil seg vesentleg ut frå andre.	Økonomisk tap. Ytterlegare endringar i klima.	M	M	

5 VEDLEGG

STATISTIKK OG NØKKELTAL
BEFOLKNING, BEFOLKNINGSENDRING OG BEFOLKNINGSUTVIKLING

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra- gruppe 02	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Innbyggere (antall)	antall	4 623	4 587	4 565	4 523	198 184	4 674 089
Fødte per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	8,4	8,1	11,2	9,5	8,4	9,7
Døde per 1000 innbyggere (per 1000)	per 1000	6,9	10,5	9,9	10,4	10,1	7,9
Netto innflytting (antall)	antall	18	-28	-28	-38	-602	18435
Andel skilte og separerte 16-66 år (prosent)	prosent	6,3	6,6	7	6,6	9,9	10,6
Andel enslige innbyggere 80 år og over (prosent)	prosent	61,7	61,4	60,2	58,7	62,6	61,5
Registrerte arbeidsledige i prosent av befolkningen i alderen 15-74 år (prosent)	prosent	2,1	1,2	1,1	1,4	1,2	1,4
Andel innvandrerbefolkning (prosent)	prosent	18,2	18,7	19,8	20,3	13,2	15,9
Samlet fruktbarhetstall (antall)	antall	1,77	1,74	1,7	1,64

Befolkningsutvikling 2000-2019, årleg utvikling:

Tabell 1. Befolkningsutvikling for valgt region. 1. januar 2000 til 1. januar 2019.

Region/Kommune	År	Antall innbyggere	Endring fra forrige år		%Andel av befolkningen i:	
			Antall	Prosent	Landet	Eget fylke
Stranda	2000	4 677			0,104	1,92
Stranda	2001	4 656	-21	-0,45	0,103	1,91
Stranda	2002	4 683	27	0,58	0,104	1,92
Stranda	2003	4 705	22	0,47	0,103	1,93
Stranda	2004	4 663	-42	-0,89	0,102	1,91
Stranda	2005	4 605	-58	-1,24	0,100	1,88
Stranda	2006	4 544	-61	-1,32	0,098	1,85
Stranda	2007	4 500	-44	-0,97	0,096	1,83
Stranda	2008	4 543	43	0,96	0,096	1,84
Stranda	2009	4 533	-10	-0,22	0,094	1,82
Stranda	2010	4 531	-2	-0,04	0,093	1,80
Stranda	2011	4 575	44	0,97	0,093	1,80
Stranda	2012	4 602	27	0,59	0,092	1,79
Stranda	2013	4 610	8	0,17	0,091	1,78
Stranda	2014	4 616	6	0,13	0,090	1,76
Stranda	2015	4 605	-11	-0,24	0,089	1,75
Stranda	2016	4 598	-7	-0,15	0,088	1,73
Stranda	2017	4 623	25	0,54	0,088	1,74
Stranda	2018	4 587	-36	-0,78	0,087	1,72
Stranda	2019	4 565	-22	-0,48	0,086	1,72

Kilde: Statistisk sentralbyrå - SSB <>> Bearbeiding: KommuneProfilen

Kjelde: www.kommuneprofilen.no

Befolkningsutvikling med ulike framskrivingsalternativ 2000-2040:

Tabell 1.1. Befolkningsutvikling 2000-2040. Alternative framskrivninger. Valgt region

Region/Kommune	År	Alternative framskrivninger 2018-2040		
		Normal alternativet	Ingen netto innvandring	Høy netto innvandring
Stranda	2000	4 677	4 677	4 677
Stranda	2005	4 605	4 605	4 605
Stranda	2010	4 531	4 531	4 531
Stranda	2015	4 605	4 605	4 605
Stranda	2018	4 587	4 587	4 587
Stranda	2020	4 550	4 524	4 558
Stranda	2025	4 477	4 362	4 512
Stranda	2030	4 425	4 220	4 489
Stranda	2035	4 340	4 070	4 470
Stranda	2040	4 253	3 901	4 434

Kilde: Statistisk sentralbyrå <>> Bearbeiding: Kommuneprofilen

Kjelde: www.kommuneprofilen.no

SSB - KOSTRA

BARNEHAGE

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra- gruppe 02	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Andel barn 1-2 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-2 år (prosent)	prosent	82,9	90,2	92,9	85,1	80,8	84,6
Andel barn 1-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 1-5 år (prosent)	prosent	90,6	92,8	93,5	93,1	90,6	92,4
Andel barn 3-5 år i barnehage, i forhold til innbyggere 3-5 år (prosent)	prosent	95,1	94,4	93,9	99,1	96,5	97,3
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (prosent)	prosent	61,7	63,6	64,2	64,8	74,3	49,1
Antall barn korrigert per årsverk til grunnbemanning, alle barnehager (antall)	antall	6,2	6	5,4	5,6	5,4	5,7
Andel barnehagelærere i forhold til grunnbemanning (prosent)	prosent	37,6	37,5	34,5	35,8	42,3	41,5
Andel barn i kommunale barnehager som får spesialpedagogisk hjelp (prosent)	prosent	2,4	3,2	2,5	2,4	3,5	3,9
Korrigerte brutto driftsutgifter til barnehager (f201, f211, f221) per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	kr	56,4	58,5	68,4	68,3	81,3	78,8
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år (prosent)	prosent	86,5	86,6	78,7	80	81,2	83
Netto driftsutgifter barnehager i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	10,8	11,2	10,5	10,7	11,3	14,3
Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år	kr	120 665	140 558	150 174	148 985	168 443	163 207
Korrigerte brutto driftsutgifter f201 per korrigerte oppholdstimer i kommunale barnehager (kr)	kr	48,4	50,3	58,9	60,5	68,5	62,7

GRUNNSKULE

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra- gruppe 02	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Årstimer til særskilt norskopplæring per elev med særskilt norskopplæring (antall)	antall	60,7	81,6	48,5	53,2	52,4	36,3
Årstimer til spesialundervisning per elev med spesialundervisning (antall)	antall	236,3	259,8	207,4	236,6	148,7	139,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får særskilt norskopplæring (prosent)	prosent	3,7	3,2	3,3	4,3	3,4	4,9
Elever i kommunale og private grunnskoler som får spesialundervisning (prosent)	prosent	7,3	7,7	10,8	13,3	9,2	7,8
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i lesing 8.trinn (prosent)	prosent	71,4	68,9	79,5	81,3	74	75
Elever på mestringsnivå 3-5, nasjonale prøver i regning 8.trinn (prosent)	prosent	77,1	63,6	84,1	71,4	68,3	68,7
Gruppestørrelse 2 (antall)	antall	13,4	13,3	11,7	12,6	13,4	15,8
Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	antall	40,6	42,5	42,8	41,1	41,5	41,7
Netto driftsutgifter grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), i prosent av samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	27,1	26,2	25,5	27,4	22,2	23
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år (kr)	kr	129 297	136 881	151 054	161 798	139 841	117 308

HELSE (OG OMSORG)

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra-	Landet
		2016	2017	2018	2019	gruppe 02 2019	uten Oslo 2019
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	27 785	29 866	33 465	35 042	37 041	28 772
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	378,5	414	434,8	462,1	394,1	313,7
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	34,2	34,1	35,6	37,3	34,9	32,4
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helseutdanning (prosent)	prosent	72,7	68,2	68,1	65,7	79	77,7
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	årsverk	0,61	0,67	0,7	0,79	0,54	0,58
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	prosent	41,9	41,9	41,6	41	35	30,3
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	prosent	19,6	20,6	20,1	19,1	42,4	47,9
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	prosent	11,8	11,8	11,1	9,3	12,6	11,9
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	prosent	97,7	97,6	97,6	100	92,1	91
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	kr	2125	2245	2648	2766	3852	3842
Andel private institusjonsplasser (prosent)	prosent	0	0	0	0	1,1	5,5
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	timer	0,36	0,36	0,31	0,38	0,5	0,56
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	prosent	0	0	0	1,02	0,79	0,69
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	5,4	5,3	5,6	6,6	5,7	5
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	13	13,1	13,1	13,3	14	11,5
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	7,6	8,7	8,8	8,8	11,2	9,7
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	årsverk	34,5	37,9	59,6	52,7	50,4	44,1
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	prosent	105,1	97,3	96,1	97,7	92,7	93,4

BARNEVERN

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra- gruppe 02 2019	Landet uten Oslo 2019
		2016	2017	2018	2019		
Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-22 år (kr)	kr	3 017	3 665	4 012	5 375	9 396	8 393
Barn med melding ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	3,1	4,3	2,8	3	4,1	4,6
Prosentdelen barn med undersøking ift. innbyggjarar 0-17 år (prosent)	prosent	4	4	3	3	4,3	4,8
Barn med barnevernstiltak ift. innbyggjarar 0-22 år (prosent)	prosent	3,6	4,1	5,4	4,3	4,4	3,8
Brutto driftsutgifter (funksjon 244) per barn med undersøking eller tiltak (kr)	kr	35 919	43 954	42 794	46 492	68 516	54 769
Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet (funksjon 251) (kr)	kr	14 737	27 739	28 879	69 511	46 862	41 690
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (funksjon 252) (kr)	kr	391 600	579 000	253 500	290 333	415 126	444 076
Barn med undersøking eller tiltak per årsverk (funksjon 244) (antall)	antall	16,3	17,1	17,9	16,6	16,4	18,6
Undersøkingar med handsamingstid innan 3 månader (prosent)	prosent	56	91	85	68	86	88

NAV (SOSIALTENESTE)

Nøkkeltall	Enhet	Stranda			
		2016	2017	2018	2019
Sosialhjelpsmottakere (antall)	antall	29	33	18	44
Antall sosialhjelpsmottakere 18-24 år (antall)	antall	6	:	0	7
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp i 6 månader eller mer (antall) ¹	antall	3	:	:	5
Sosialhjelpsmottakere med arbeidsinntekt som hovedinntekt (antall)	antall	5	4	5	6
Sosialhjelpsmottakere med sosialhjelp som viktigste kilde til livsopphold (antall) ²	antall	6	4	5	14
Sosialhjelpsmottakere som bor i eid bolig (antall)	antall	3	4	3	6
Antall barn i familier som mottok sosialhjelp (antall)	antall	11	13	8	19

PSYKISK HELSE OG RUS

Nøkkeltall	Enhet	Stranda	Kostra-	Landet
		2019	gruppe 02	uten Oslo
		2019	2019	2019
Brutto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	4,7	279,9	635
Netto driftsutg. til tilbud til personer med rusproblemer pr. innb. 18-66 år (kr)	kr	4,7	190	542,3
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer (prosent)	prosent	0,8	5,3	13,9
Årsverk av psykiatriske sykepleiere per 10 000 innbyggere (helse- og omsorg) (antall)	antall	2,2	5,9	4,9
Årsverk av personer med videreutdanning i psykisk helsearbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	2,2	9,6	9
Årsverk av personer med videreutdanning i rusarbeid per 10 000 innbyggere (helse og sosial) (antall)	antall	2,7	2,8	3,2
Andel nyinnflyttede med psykiske problemer (prosent)	prosent :		9	9
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere (prosent)	prosent :		3	7
Andel nyinnflyttede rusmiddelmisbrukere med psykiske lidelser (prosent)	prosent :		6	7
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	0	1,2	1,6
Antall vedtak om kjøp av tiltak til rusmiddelmisbrukere av aktører utenfor komm per 10 000 innbyggere (antall)	antall	0	0,7	1
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere 18-66 år (antall)	antall	0	0,8	2
Antall vedtak om midlertidige tiltak til rusmiddelmisbrukere per 10 000 innbyggere (antall)	antall	0	0,5	1,3

KULTUR (KULTUR/ BARNE- OG UNGDOMSTILTAK)

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra-	Landet
		2016	2017	2018	2019	gruppe 02	uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Netto driftsutgifter til kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	2,4	2,4	2,4	2,2	3,7	4,1
Netto driftsutgifter til idrett (f380+f381) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,4	0,5	0,5	0,4	0,9	1,4
Netto driftsutgifter til barn og unge (f231+f383) i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,9	0,9	0,9	0,9	0,9	0,8
Netto driftsutgifter til allmenn kultur (f370+f373+f375+f377+f385+f386) (1000 kr)	1000 kr	2 530	2 532	2 703	2 542	266 426	5 506 838
Netto driftsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	1 300	1 386	1 481	1 373	2 672	2 549
Brutto investeringsutgifter til kultursektoren per innbygger (kr)	kr	0	0	15	187	1573	1270
Besøk i folkebibliotek per innbygger (antall)	antall	2,4	2,5	2,4	2,2	4,1	4,9
Besøk per kinoforestilling (antall)	antall	47,1	37,4	36,1	30,6	23,5	25,5
Barn 6-15 år i kommunens kulturskole (prosent)	prosent	31,2	34,8	34,7	32,4	21,5	13,8
Omløpshastighet for bøker (antall)	antall	0,3	0,2	0,3	0,4	0,5	0,8
Brutto driftsutgifter til folkebibliotek (1000 kr)	1000 kr	1 186	1 274	1 177	1 263	84 257	1 565 876

TEKNISKE TJENESTER (PLAN, BYGGESAK OG MILJØ)

Nøkkeltall	Enhet	Stranda				Kostra- gruppe 02	Landet uten Oslo
		2016	2017	2018	2019	2019	2019
Reguleringsplaner vedtatt i alt (antall)	antall	..	12	8	6	133	1 392
Andel av reguleringsplanene som ble møtt med innsigelser (prosent)	prosent	..	43	58	25	26	26
Byggesøknader i alt behandlet (antall)	antall	88	86	..	97	5 927	71 711
Behandlede byggesøknader med 3 ukers frist (antall)	antall	44	43	..	61	2 136	29 786
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 3 ukers frist (dager)	dager	29	23	..	34	14	18
Gjennomsnittlig saksbehandlingstid for byggesaker med 12 ukers frist (dager)	dager	47	45	..	56	32	37
Andel av innvilgete byggesøknader som skjer gjennom vedtak om dispensasjon fra plan (prosent)	prosent	26	34	..	33	21	17
Tilsyn for byggevirksomhet som er unntatt søknadsplikt (antall)	antall	0	33	1 193
Søknader om nye bygninger i strandsonen som ble innvilget (antall)	antall	..	2	..	0	122	884
Andel av søknader om nye bygninger i LNF-/LNFR-områder som ble innvilget (prosent)	prosent	100	100	..	100	97	95
Andel av søknader om tiltak i freda eller verneverdige områder / bygninger som ble innvilget (prosent)	prosent	50	47	46
Selvkostgrad i byggesaker (prosent)	prosent	82	83
Netto endring i antall boliger (antall)	antall	11

KLIMA OG ENERGI

Nøkkeltall	Enhet	Stranda		Kostra- gruppe 02	Landet uten Oslo
		2018	2019	2019	2019
Energiutgifter per m2 (fylkes)kommunalt eide bygg (kr)	kr	88	114	131	134
Energiutgifter som andel av brutto driftsutgifter (prosent)	prosent	0,7	0,82	0,81	0,71
Andel av energikostnader i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning brukt på fornybare energikilder (prosent)	prosent	100	100	96,9	96,2
Energibruk per m2 eid areal (kWh)	kWh	167	189	166	154
Andel elektrisitetsforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	100	74	84	83
Andel fjernvarmeforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	0	7	13
Andel oljeforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	9	2	1
Andel naturgassforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	0	1	1
Andel bioenergiforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	0	17	6	2
Andel fornybarforbruk av totalt forbruk i (fylkes)kommunens eiendomsforvaltning, egne bygg (prosent)	prosent	100	91	96	96
Utslipp av CO2 knyttet til energibruk (g/kWh)	g/kWh	0	24	7	4

KJELDER

Det er mellom anna sett på følgjande dokument som grunnlag for ROV:

- Kommuneplanen
 - Samfunnsdelen 2019-2031, [vedteken 13.02.2019](#)
- Planstrategi 2016-2020, [vedteken 15.12.2016](#)
- ROS-analyse, [vedteken 29.04.2015](#)
- Delegasjonsreglement [vedteke 27.04.2016](#)
- Reglement for kommunestyret, formannskapet og fagutvala, [vedtekne 03.05.2017 \(tillegg 14.02.2018 og 21.06.2018\)](#)
- Etske retningsliner for folkevalde og tilsette, [vedtekne 18.02.2015](#)
- Finansreglement, [vedteke 14.02.2018](#)
- Økonomihandbok, 1998
- Retningsliner for fullført sakshandsaming i Stranda kommune, [frå 14.12.2017](#)
- Prosjekthandbok, [frå 14.12.2017](#)
- Mandat mv. Kvalitetsutval, [frå 14.12.2017](#)
- Finansielle måltall for Stranda kommune, [vedtekne 13.11.2019](#)
- Vedtekter for kommunal næringsfond i Stranda kommune 2018-21, [vedtekne 15.11.2017](#)
- Tema- og sektorplaner
 - Beredskapsdelplan smittevern, [vedteken 28.08.2019](#)
 - Ruspolitisk handlingsplan 2016-2020, [vedteken 27.04.16](#)
 - Eigarskapsmelding, [vedteken 19.06.2014](#)
 - Helse og omsorgsplan 2015-2018, [vedteken 29.04.2015](#)
 - Kommunedelplan Idrett og fysisk aktivitet 2016-2019, [vedteken 2016](#)
- Lønspolitisk plan, [sist revidert 13.05.2014](#)
- Arkivplan/rutinar sakshandsaming
- Budsjett og økonomiplan 2019 (2019 til 2022)
- Budsjett og økonomiplan 2020 (2020 til 2023)
- Årsmelding 2018 og 2019
- Tertialrapporter 2019
- Revisjonsrapporter
- Tilsynsrapporter fra statlige tilsynsmyndigheter
- KOFA avgjersler

Eit utval av statistikk er henta inn og gjennomgått frå følgjande kjelder:

- Statistikk frå årsmelding
- Statistikk frå SSB, KOSTRA
- Statistikk frå GSI (Grunnskolens Informasjonssystem)
- Anna aktuell statistikk